

GRUNNREGLAR FOR TAU BEDEHUS

Revidert 11.02.91 og vedtatt på årsmøtet 15.02.91

Revidert og vedtatt på årsmøtet 06.02.2004

§1

Huset skal vera samlingsstad for kristenfolket i krinsen der dei kan samlast til oppbygging og til arbeid i Guds rike gjennom indre og ytremisjon på bibelsk grunn.

§2

Huset kan nyttast til allmennyttige formål som ikkje er i strid med kristendom og sømeleg framferd. Styret skal alltid ha rett til å vera til stades når huset vert nytta. Styret skal sjå etter om det er orden og at alt går sømeleg for seg.

§3

Rett til å tala guds ord har dei som høyrer til vårt kyrkjesamfunn og som vedkjenner seg til den lutherske truvedkjenning. Styret kan gje løyve til andre som ikkje høyrer til vårt kyrkjesamfunn å ha møte i huset.

§4

Styret for huset skal bestå av 5 personar + 1 varamann, menn og kvinner, som høyrer til vårt kyrkjesamfunn.

Desse 5 personane vert valde av årsmøtet. For å kunna stilla til val må vedkommande vera medlem av Tau Bedehus.

Styremedlemmane gjer teneste i 2 år. Styret vel sjølv formann, varaformann og kasserar.

§5

Styret har tilsyn med huset, både vedkommande bruk, reinhald, vedlikehald og økonomi. Styret fastsett leige for huset i dei ymse høve.

§6

I tidsrommet januar - februar skal det kvart år haldas årsmøte.

Saker som skal vera med på årsmøte er:

- Val av ordstyrar og referent
- Val av to personar til å skrive under møteboka
- Styrets årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Val av revisor for 1 år
- Andre saker som styret ynskjer å få behandla på årsmøtet når dei er nemnt i innkallinga.

Forslag til saker som medlemmar ynskjer å ta opp sendas styret seinast 1. des.

Styret sender ut sakliste, årsmelding og rekneskap til alle medlemmar seinast 14 dagar før årsmøte.

Stemmerett på årsmøte har dei som:

- a. er medlemmar av Tau Bedehus
- b. er fylde 18 år og
- c. bekjennar seg som kristen og
- d. som har vore innskriven som medlem i bedehusets protokoll i minimum 12 månader.

Bedehusets medlemmar betalar årleg ein kontingent som fastsettes av årsmøtet ved vanleg stemmefleirtal.

§6 (2005)

Unntak som gjeld kunn for årsmøtet 2005:

Stemmerett på årsmøte har dei som:

- a. er medlemmar av Tau Bedehus
- b. er fylde 18 år og
- c. bekjennar seg som kristen og
- d. som har vore innskriveren som medlem i bedehusets protokoll i minimum 5 månader.

§7

Framlegg til endringar av desse reglane må vera kome inn til styret seinast 1. desember før årsmøtet. Endring treng 2/3 fleirtal.